

Med hjelp av gode naboar.

24.09.2016



Lene Sagenes frå Stord supplerer Spar-gjengen denne veka.

I dag tidleg sette eigartrioen på Spar Uskedalen kursen mot Malaga. Der skal dei nyta det sydlandske livet saman med ektemennene i ei lita veke. I denne tida er det dei andre tilsette som syt for gode driftsdagar i butikken. I tillegg har dei fått god og viktig hjelp frå naboen Spar Åland på Stord.

Dei fleste som har vore og handla siste dagane har sikkert lagt merke til at det er ei ny, ung og blid jente blant betjeningsa. Med rutine og service-innstilling går ho perfekt inn i den flotte Spar Uskedalen-familien. Jenta heiter Lene Sagenes og har solid bakgrunn både når det gjeld Spar og utdanning.

Ho er dotter til Gunnar Sagenes som driv Spar Åland, og ho fortel at ho dermed har vorte flaska opp i Sparbutikken hans. Ho har vore med der i mange år. Utdanninga si har ho innan økonomi, logistikk og leiing. Først tok ho bachelor-grad ved BI i Oslo, og siste halvanna året har ho teke master i Australia. Der var ho ferdig i juli i år.

- No har eg nett flytta til Oslo og er i gang med å søkja jobbar der, fortel ho, og legg til at ein av grunnane til at ho flytta dit er at ho trivdest svært godt der som student. På Spar Uskedalen skal ho no vera fram til komande torsdag. Då er Bente, Kjersti og Gunn Mari tilbake, og Lene Sagenes set kursen mot Oslo att.

Vi hugsar også at det var tilsette frå fleire Spar butikkar som styrte butikken då dei tilsette ved Spar Uskedalen var på personaltur til Dublin for nokre år sidan. Då var far til Lene, Gunnar Sagenes, ein av dei som styrte butikken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland